



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Hareid kommune

Tilsynsdato: 31.05.2018

Rapportdato: 13.07.2018

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING.....</b>	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVDINNTRYKK.....</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET .....</b>	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING.....</b>	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	13.02.2018 (formøte) 31.05.2018 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Myravegen 11, 6060 Hareid
<b>Kommunennummer:</b>	1517
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Silja Øvrelid
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Hege Mogstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	21.06.2018
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	13.07.2018
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	24.08.2018

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Hareid kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse Hareid kommune	04.11.2016
2.	Overordna plan for beredskap i Hareid kommune	12.03.2018
3.	Plan for kommunal kriseleiing Hareid kommune	12.03.2018
4.	Plan for beredskapssekretariatet Hareid kommune	04.11.2016
5.	Handlingsplan for evakuering og befolkningsvarsling	24.05.2017
6.	Handlingsplan for Hareid kommune ved skred frå Åknes	03.03.2017
7.	Retningslinjer for krise- og omsorgsgruppa	06.02.2014
8.	Planstrategi 2016 – 2020	20.10.2016
9.	Kommuneplan 2006 - 2018 Hareid kommune	27.04.2006
10.	Kommuneplan Arealdelen 2012 – 2024	21.06.2012
11.	Katastrofeplan for <helsetenesta i Hareid	28.05.2009
12.	Smittevernplan for Hareid kommune	14.11.2013
13.	Plan for helsemessig og sosial beredskap	28.05.2009
14.	ROS-analyse for Nettet vassbehandlingsanlegg	Ikkje datert
15.	Beredskapsavtale – Hareid sanitetslag	03.09.2014
16.	Avtale brannvernsamarbeid mellom Ulstein kommune og Hareid kommune	27.06.2017
17.	Eigenevaluering – Fårikål 2016 – Plivo	Ikkje datert
18.	Intern Øving - juni 2017	07.06.2017
19.	Saksoversikt beredskap 2017	26.03.2018
20.	Saksoversikt CIM-informasjon	26.03.2018
21.	Saksoversikt beredskapsplanverk Hareid kommune	26.03.2018
22.	Saksoversikt beredskaps 2016	26.03.2018
23.	Saksframlegg – Godkjenning av heilskapleg ROS-analyse	<i>Mottatt i tilsynsmøte</i> 17.11.2016
24.	ROS-analysen sine konsekvensar for arealdelen	<i>Mottatt i tilsynsmøte</i> Ikkje datert

### 1.5 Gjennomføring

Formøte med Hareid kommune vart gjennomført 13.02.2018. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 31.05.2018. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Anders Riise	Ordførar	X	X	X	X
Ragnhild Velsvik Berge	Rådmann	X	X	X	X
Silja Øvrelid	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Kariann Bigseth	Ass. rådmann		X		X
Kristian Fuglseth	Varaordførar		X		X
Kai-Rune Bjørke	Kommunalsjef		X		X
Helga Bøe-Grimstad	Leiar for servicetorg		X		X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Dei fleste elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er frå 2016 og er forankra i kommunestyret. Analysen oppfyller dei fleste forskriftskrava. Det som manglar er ei vurdering av kommunen sin evne til oppretthalde drift ved uønskete hendingar. At kommunen har sett til at relevante offentlege og private partar har vore invitert med i arbeidet med heilskapleg ROS går i nokon grad fram av oversendingsbrevet for tilsynet, men ikkje i sjølve ROS-analysen i h.h.t. forskriftskrava.

Vi finn ikkje at kommunen på bakgrunn av den heilskaplege ROS-analysen har utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Den heilskapleg ROS-analysen manglar ein prioritert handlingsplan for oppfølging av funna, noko som ville vere eit godt fundament for å arbeide vidare med å støtte dette forskriftskravet.

Beredskapsplanen er oppdatert i mars 2018. Planen oppfyller alle forskriftskrava. Samordning og integrering av andre beredskapsplanar er på plass. Det manglar informasjon om når dei ulike planane sist vart revidert, og kven som har ansvaret for oppdatering.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som øve og evaluerer øvingar, men har ikkje hatt hendingar sidan førre tilsyn. Kommunen har faste rutinar for møter i kriseleiinga og i beredskapsrådet, noko som kunne gått betre fram av årshjulet.

Potensialet for forbetring ligg i å lage prioritert handlingsplan etter funn i heilskapleg ROS. Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM. Kommunen bør vurdere å lage eit styringsdokument for beredskapsarbeidet.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. Tre forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Hareid kommune sin heilskaplege ROS-analyse oppfyller ikkje alle forskriftskrava til innhald.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2 litra e :

##### **Utdjupande kommentar:**

ROS-analysen manglar ei vurdering av kommunen si evne til å oppretthalde si verksemd etter at uønska hending har skjedd.

##### **Avvik nr. 2**

Hareid kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

##### **Regelverkstilvising:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, første ledd, litra a og b.

##### **Utdjupande kommentar:**

Hareid kommune manglar overordna forankring av arbeidet med samfunns-tryggleik og beredskap. Mål, strategiar, prioriteringar og plan er ikkje fastsett, verken i samband med utarbeiding av heilskapleg ROS-analyse eller i andre strategiske planar.

### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### ***Merknad nr. 1.***

##### **Kommunen bør:**

- Beskrive/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse.
- Utarbeide ein handlingsplan for oppfølging av funna i ROS-analysen, som beskriv korleis kommunen (og/eller andre etatar) vil arbeide for å redusere risiko; anten med førebyggjande tiltak for å redusere sannsynet for hendingar, eller med beredskapstiltak for å redusere konsekvensane av hendingar. På bakgrunn av ein slik handlingsplan til ROS-analysen, kan kommunen forankre langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap i overordna planer i kommunen (Kommuneplanens samfunnsdel, arealdel, økonomiplan).

#### ***Merknad nr 2.***

Kommunen bør vurdere å vidareutvikle overordna beredskapsplan til å fungere som eit styringsdokument / ei operativ overbygning, oversikt og ramme for kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Dette kan fungere som eit bindeledd mellom strategiske planar og ROS-analysar, beredskapsplanverk og aktivitet, og kan styrke fleire forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men der kommunen har forbettringspotensial – for eksempel:

- kva system/plan kommunen har for opplæring av ansvarlege i kommunens kriseorganisasjon.
  - tydelegare oversikt over kommunen sitt samla beredskapsplanverk
  - tydelegare rutinar for faste møte i kriseleiinga
  - tydelegare rutinar for gjennomføring av opplæring og øvingar
  - tydelegare rutinar for evaluering – både av øvingar og reelle hendingar.
- 
- Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.



## 4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Stine Sætre, [stine.saetre@fylkesmannen.no](mailto:stine.saetre@fylkesmannen.no), 71258485 / 95224419